



Statens vegvesen

Ove Eknes
Eidavegen 209
5993 OSTEREIDET

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/187-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
01.04.2019

Mangelskriv – Mellombels avkjørsle – E39 – Gnr. 239 bnr. 8 – Eidavegen – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 22.02.2019.

Du søker om mellombels tømmeravkjørsle. Avkjørsle skal opparbeidast nord for E39, ved Eknes, *vår referanse E39 hp 27 km 2800*. Det er søkt om ein langsgående avkjørsle.

Søknaden er grunngjeve med at BKK har rydda linjene og at det er behov for å ta tømmer. Eigedomsteigen har til vanleg tilkomst med undergong til E39. Det er opplyst at undergongen ikkje har kapasitet for større tømmerbilar. Det er vidare opplyst at uttaket er på om lag 3000m³ / 80 billass og driftsperiode på 2 månader

Før vi kan ta stilling til søknaden din ber vi om å få tilsendt følgjande dokumentasjon:

- Situasjonsplan med tiltaket rett teikna inn, målestokk M1:500 eller M1:1000.
- Plan- og profildeikning (C-teikning)
- Tiltaket skal vere utforma som ei busslomme.
- Kart som syner fram- og bakoversikt tilpassa fartsnivå (minimum siktkrav for 70 km/t).
- Eventuell dreneringsplan (G-teikning).
- Plan for tilbakeføring av tiltaket.

Vi vil allereie no gjere merksam på at vi er sterkt kritisk til søknaden. E39 er ein viktig hovudveg der vi har ei svært streng haldning til å opne for nye avkjørsler, også for stadbunden næring. Det er stor trafikk og høg fart i området. På grunn av kurvaturen på strekinga kan det vere vanskeleg å oppnå ei trafikksikker avkjørsle med tilstrekkeleg sikt. Inn- og utkøyning med tømmerbilar kan skape farlege situasjonar. Vi meiner at ein heller må vurdere andre måtar å få fram tømmeret på, helst ut om kommunal veg og i samarbeid med fleire grunneigarar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Du bør elles få nokon med vegfagleg kompetanse til å teikne ut tiltaket dersom du ikkje har slik kompetanse sjølv.

Dersom du har spørsmål knytt til innhaldet i dette brevet må du ta kontakt.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ